



Arkivnr: 2014/23044-28

Saksbehandlar: Stein Ottosen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		13.05.2015

Tilskot til fartøyvern 2015

Samandrag

Saka gjeld tildeling av midlar til fartøyvern. Til disposisjon står til saman kr 1.680.000 i ordinære midlar. Av desse er kr 840.000,- statlege midlar til fartøyvern frå Riksantikvaren og kr 840.000,- fylkeskommunale midlar. I tillegg er det omdisponert kr 120.000,- frå tiltak som ikkje er sett i verk innafor tidsristen. Samla sum til fordeling i 2015 vert kr 1.800.000.

Det ligg føre 20 søknader til handsaming. Tiltaka har ein total kostnad på kr 19.404.934,- og samla søknadssum er kr 3.854.672,-.

I brev frå Riksantikvaren 04.02. 2014 vart det stilt krav om at statlege midlar til fartøyvern berre skal nyttast til fartøy som står på lista over verneverdige fartøy. Ved tildelinga i år er det berre fartøy som står på denne lista som er søknadsverdige. Mange fartøy som tidlegare har fått tilskot frå stønadsordninga, har difor ikkje søkt om midlar i år. Talet på søknader er redusert med 12 i høve til 2014.

Fylkeskultursjefen har meldt seg inhabil i denne saka då mannen hennar, Egil Sunde, er styreleiar i det frivillige laget Vulcanus Taubåtkompani.

Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet løyver kr 1.800.000,- av budsjettpost 10.400.650.04 slik:

1	M/S Midthordland	100 000
2	M/S Bjørn West	60 000
3	Mathilde	100 000
4	M/S Axel	50 000
5	M/F Skånevik	50 000
6	Selma	40 000
7	M/K Sjøgutt	30 000
8	M/S Vestgar	40 000
9	M/K Vikingen	30 000
10	M/Y Faun	50 000
11	M/B Quest	30 000
12	D/S Oster	120 000
13	D/S Stord	775 000

14	M/S Lete	110 000
15	M/S Granvin	20 000
16	M/K Vaarsol	15 000
17	M/Y Tysso	30 000
18	Vulcanus	60 000
19	Markol V	40 000
20	Bjørn	50 000
		1 800 000

2. Kultur- og ressursutvalet gir administrasjonen fullmakt til å omdisponere midlar dersom nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre.
3. Kultur- og ressursutvalet ber fylkesrådmannen om å utgreie behova i fartøyvernet i Hordaland nærare og vurdere innretninga av den regionale tilskotsordninga for fartøyvern.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
settekultursjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Omtale og vurdering av søknadene
- 2 Liste over verna fartøy i Hordaland
- 3 Tabell tildeling
- 4 Retningsliner

Fylkesrådmannen, 22.04.2015

Saka gjeld tildeling av midlar til fartøyvern, til saman kr 1.680.000 i ordinære midlar. Av desse er kr 840.000,- statlege midlar til fartøyvern frå Riksantikvaren og kr 840.000,- fylkeskommunale midlar. I tillegg er det omdisponert kr 120.000,- frå tiltak som ikkje er sett i verk innafor tidsristen. Samla sum til fordeling vert med dette kr 1.800.000,-. Det ligg føre 20 søknader til handsaming og er gjort framlegg om at tildeling av midlar til alle. Tiltaka har ein total kostnad på kr. 19.404.934,- Samla søknadssum er kr 3.854.672,-.

I brev frå Riksantikvaren 04.02. 2014 vart det stilt krav om at statlege midlar frå fartøyvern-potten berre skal nyttast til fartøy som står på lista over verneverdige fartøy. Ved tildelinga i år er det berre fartøy som står på denne lista som er søknadsverdige. Mange fartøy som tidlegare har fått midlar frå stønadsordninga, har difor ikkje søkt om midlar i år. Talet på søknader er redusert med 12 i høve til 2014.

Om fartøyvernet

Fartøyvern er eit fagområde der frivillige, lag og organisasjonar har teke på seg eit stort fagleg og økonomisk ansvar. Det har i liten grad vore rammer for å utvikle ein sterk regional politikk for å støtte opp under desse kreftene, og øyremerkte midlar til vern av fartøy har vore på eit lågt nivå samanlikna med andre felt innan kulturminnevernet. Hordaland fylkeskommune har likevel gjennom sin kulturpolitikk bidrege til sterke tiltak for å utvikle breidda i det samla fartøyvernet, t.d. oppretting av Hardanger fartøyvernssenter (no del av Hardanger og Voss Museum) og Oselvarverkstaden.

Fartøyvern har vore eit statleg forvaltingsansvar som er delegert frå Miljøverndepartementet til Riksantikvaren. For å utvikle det regionale fartøyvernet vart eit prøveprosjekt sett i gong i Savos-området (Samarbeidsrådet for Vest- og Sørlandet) frå 2001. Prosjektet etablerte ei ny tilskotsordning i fylkeskommunane med statleg og fylkeskommunale andelar. Storleiken på ordninga vart sett ved at fylkeskommune og stat løyvde ei krone for kvar innbyggjar i fylket.

Fartøyvernet i Hordaland

Frå og med 2003 har staten v/Riksantikvaren kvart år ført over kr 440.000 til Hordaland fylkeskommune (Statsbudsjettet kapittel 1429, post 74). Hordaland fylkeskommune har sett av ein tilsvarande sum til tilskotsordninga i sine årsbudsjettet. I 2013 vart denne løyvinga auka med 400 000,- i budsjettet og Hordaland fylkeskommune bad Riksantikvaren om å overføre ein tilsvarande sum til Hordaland (840.000,-). Med dette grepet auka tilskotsposten til kr 1.680.000,-.

Rogaland fylkeskommune, som også fekk avsett eigne midlar som del av SAVOS-ordninga, auka i 2015 si løyving til kr 950.000,-. Dette har ført til at Rogaland har fått ei tilsvarande auke frå Riksantikvaren og har til saman kr 1,9 mill til fordeling i 2015.

Slik fylkesrådmannen ser det gjer ordninga med statleg medfinansiering at auka fylkeskommunale løyvingar får stor effekt. Fylkesrådmannen vurderer det også slik at ved tildelinga av regionale midlar bør omsynet til regionale interesser også leggjast til grunn, jf Regional plan for kultur 2015-2025. Status som verneverdig fartøy bør vere ei rettesnor, men ikkje utelukke fartøy som ein eller vurderer som viktige flytande kulturminne.

På dette grunnlaget meiner fylkesrådmannen at det er føremålstenleg å utgreie behova i fartøyvernet i Hordaland nærare og fremje politisk sak om utvikling av tilskotsordninga. Saka vil vere ei oppfølging av vedtak i Kultur- og ressursutvalet i sak 2014/430-21:

«Kultur- og ressursutvalet ber om at sak om revisjon av retningslinene for tilskot til fartøyvern vert lagt fram på grunnlag av brev frå Riksantikvaren.

Kultur- og ressursutvalet viser til søknad frå Stiftelsen D/S Stord I, og ber fylkesrådmannen om å leggje fram sak om fylkeskommunalt driftstilskot til utvalde fartøy frå budsjettåret 2015».

Nasjonale og regionale retningslinjer

I fartøyvernet kan det vere utfordrande å sameine nye reglar for tryggleik med den teknologien i dei eldre fartøya. Dette har ofte resultert i løysingar som har gått på kostnad av dei antikvariske prinsippa. Sjøfartsdirektoratet, Norsk Forening for Fartøyvern og Riksantikvaren inngjekk i fellesskap ein avtale om etablering av formuleringa "verneverdig fartøy" i Sjøfartsdirektoratet sitt regelverk. Ordninga gjev høve til å finne ein betre balanse mellom nytt og gammalt.

Eigaren av fartøyet kan søkje Riksantikvaren for å få tildelt status som verneverdig fartøy. Når eit fartøy får tildelt slik status må eigaren forplikte seg til å følgje antikvariske retningslinjer ved vedlikehald og istandsetjing. Ved vurderinga av søkjarane til tilskotsordninga i 2015 er status og listeføring som verneverdig fartøy eit sentralt kriterium, jf vilkår i brev frå Riksantikvaren.

Gjennomføring av tiltaka

Når tiltaket er godkjend og det er semje om kva metodar som skal nyttast og kva type materiale som skal brukast, kan arbeidet starta opp.

Etter at tiltaket er gjennomført vert fartøya nokre gonger synfarte. Ved andre høve er dokumentasjonen som er gjort god nok til at tilskotet vert utbetalt. Størsteparten av tiltakshavarane legg stor vekt på god dokumentasjon.

Omdisponerte midlar

Følgjande beløp omdisponerast fordi tiltaket ikkje er sett i verk innafor tidsfristen, eller fordi tiltaket ikkje vert gjennomført av andre årsakar.

Farty	Beløp	År
Notbåten Storebåt	20.000	2011
MK Askeladden	50.000	2012
MS Buesund	40.000	2013
Udisponerte midlar	10.000	2014
Sum	120.000	

Øyremerka midlar frå Riksantikvaren til fartøy i Hordaland 2015

I tillegg til den fylkeskommunale ordninga løyver Riksantikvaren etter årvisse vedtak midlar direkte til fartøy i Hordaland.

Hordaland

SAVOS *	840 000
Bergseth	200 000
Bjørn	100 000
Folgefonn	700 000
Gamle Bjørnefjord	70 000
Granvin	2 500 000
Markol V	150 000
Midthordland	600 000
Skånevik	1 525 000
Sjøgutt ex. Terje	167 875
Vestgar	358 000
Vikingen	100 000
Sum Hordaland	7 310 875